

Sjøtroll Havbruk AS

5397 BEKKJARVIK

Dato: 21.09.2015

Vår ref.: 2015/4950-10

Sakshandsamar: Endre Korsøen

Telefon: 917 64 632

H-L-22 og H-OR-17 Sjøtroll Havbruk AS org. nr. 929363833 - Løyve til å etablere anlegg for oppdrett av stamfisk av regnbogeaure på lokalitet 13566 Storskrebukti i Lindås kommune

Vedtak

Hordaland fylkeskommune gjev med dette Sjøtroll Havbruk AS, org. nr. 929363833, akvakulturløyva med reg. nr. H-L-22 og H-OR-17, løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av stamfisk av regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø på følgjande lokalitet i Lindås kommune i Hordaland fylke:

| Nr | Lokalitet | Kommune | Lokalitets-biomasse | Anleggets midtpunkt Euref89/WGS84 | Samlokalisering |
|-------|---------------|---------|---------------------|--------------------------------------|-------------------------------|
| 13566 | Storskrebukti | Lindås | 1560 tonn | 60° 39.224' N 05° 25.152' E | H-OR-17, H-L-22 og H-L-319 |

| Anlegget er godkjent med følgjande hjørnepunkter-kartreferansar oppgjeve i Euref-89/WGS84 | | | | | |
|---|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|-------------------------------|
| 1 | 2 | 3 | 4 | 5 | 6 |
| 60° 39.172' N 5° 25.200' E | 60° 39.182' N 5° 25.231' E | 60° 39.206' N 5° 25.214' E | 60° 39.267' N 5° 25.132' E | 60° 39.250' N 5° 25.079' E | 60° 39.190' N 5° 25.164' E |

Lokalitet 13566 Storskrebukti er godkjent for løyva H-L-319, H-OR-17 og H-L-22. Kvart av løyva, H-OR-17 og H-L-22, er godkjent for oppdrett av stamfisk av regnbogeaure, og omfattar ein maksimal tillaten biomasse (MTB) på 780 tonn. Løyve, H-L-319, gjeld dyrking av blåskjel og omfattar eit areal på 8 dekar.

Løyvet H-OR-17 er tidsavgrensa til 08.02.2027 og løyvet H-L-22 er tidsavgrensa til 24.05.2028. For nærmare oversikt over kva lokalitetar som er godkjend for løyva, viser vi til akvakulturregisteret.

Tilbaketrekking av lokalitet 13565 Øverås er ein føresetnad for tildeling av dette løyvet. Lokalitet 13565 Øverås vert sletta i akvakulturregisteret frå dags dato.

Dette løyvet erstattar tidlegare vedtak om lokalitetsklarering av 25.03.2015.

Lovheime!

Løyvet er gjeve av Hordaland fylkeskommune med heimel i Lov av 17.06.2005 nr. 79 om akvakultur og Forskrift av 22.12.2004 nr. 1798 om tillatelse for akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta). Dette løyvet etter akvakulturlova inkluderer løyve etter matlova, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Særskilde vilkår for stamfiskløyva H-OR-17 og H-L-22

Hordaland fylkeskommune viser til vedtak frå Fiskeridirektoratet av 04.11.2014 om å endre vilkår i stamfiskløyva H-OR-17 og H-L-22, frå å gjelde produksjon av laks til å gjelde produksjon av regnbogeaure. Endringane gjeld frå 1. april 2015.

Det er knytt følgjande særlege vilkår til stamfiskløyve H-OR-17 og H-L-22.

- Løyvet skal brukast til produksjon av stamfisk av regnbogeaure av AquaGen-stamme frå eliterogn til produksjon av ordinær salsrogn. Ordinær salsrogn er rogn som skal brukast til produksjon av matfisk. Stamfisken skal nyttast til å drive systematisk avlsarbeid (produksjon av avlskjerne/familiar), oppformering av stamfisk frå eliterogn for produksjon av ordinær salsrogn, samt sikring av avlskjernen og sikringa av stamfiskproduksjonen.
- Det er ein føresetnad at avlsarbeidet vert utført i samsvar med den skildringa som går fram av søknaden og som ligg til grunn for tildeling av løyvet jf. Fiskeridirektoratets vurdering av søknaden.
- Genetisk framgang og innavlsøkning skal dokumenterast og kunne leggest fram på førespurnad frå forvaltninga.
- Utnytting av stamfiskløyvet med MTB lik 780 tonn må årleg landsette nok kjønnsmoden stamfisk for ein produksjon av minst 35 millionar befrukta og innlagte rognkorn.
- All smolt som vert sett ut i anlegget under løyva skal vera stamfiskrekruttar med direkte opphav frå eliterogn.
- Innehavar av eit stamfiskløyve à 780 tonn MTB som tre år på rad produserer mindre enn 35 millionar befrukta og innlagte rognkorn risikerer inndraging av løyvet eller reduksjon av løyvet sin MTB, jf. Akvakulturlova § 9.

Grunngjeving


Sjøtroll Havbruk AS søkte 11.05.2015 om utviding av areal og biomasse i stamfiskanlegg for oppdrett av regnbogeaure på lokalitet 13566 Storskrebukti i Lindås kommune.

Om søknaden

Lokalitet 13566 Storskrebukti er godkjent for oppdrett av stamfisk av regnbogeaure med ein maksimalt tillaten biomasse (MTB) på 780 tonn. Løyve er gjeve til eit stålanlegg som er 80 meter langt og 30 meter breidt med plass til 3 merdar, samt ein fôringsflåte. Noverande merdanlegg er klarert for omlag 2,5 dekar overflate areal.

Sjøtroll Havbruk AS har godkjent to stamfisklokalitetar i Hindenesfjorden, 13566 Storskrebukti og 13565 Øverås, begge med ein MTB på 780 tonn. Verksemda søker no om å samle aktiviteten i fjorden på lokalitet 13566 Storskrebukti. Denne vert søkt klarert for ein MTB på 1560 tonn, samstundes som at lokalitet 13565 Øverås vert nedlagt.

Vidare vert det søkt om auka areal for utlegging av eit stålanlegg som er 140 meter langt og 60 meter breidt. Samla overflate areal for merdanlegget vil vera 8 dekar. Anlegget vil bestå av 10 merdar, og ein fôringsflåte. Større anlegget medfører og at det vert endringar i fortøyingssarrangementet. Kartet under syner arealbruken til noverande anlegg i overflata med grøn skravur, i lag med omsøkt merdanlegg med fortøyingar.



Sjøtroll Havbruk AS har drevet stamfiskanlegg for laks i Hindenesfjorden i omlag 20 år. Frå 2015 er stamfiskproduksjonen av laks erstatta med stamfiskproduksjon av regnbogeaur.

Som bakgrunn for søknaden oppgjev Sjøtroll Havbruk AS mellom anna at dei ønskjer å drive stamfiskproduksjon på ein lokalitet i Hindenesfjorden i staden for to for å oppnå brakklegging mellom generasjonane. Den andre stamfisklokaliteten vil vera ved Tveitnesvik i Maurangerfjorden i Kvinnherad kommune. Ved å drive på desse to lokalitetane som er isolert frå kvarandre vert risikoen spreidd.

Offentleg utlysing

Søknaden vart kunngjort etter retningslinene og har lege ute til offentleg innsyn i Lindås kommune. Det kom inn ein merknad til søknaden.

Kjell Nedreaas gjer merksam på at den samla belastninga på fjorden truleg vil auke ved å samle produksjonen på Storskredbukti fordi denne lokaliteten ligg lenger inne i fjorden, og straumen ved Øverås vil føre utsleppet ut av fjorden, medan utsleppet frå Storskrebukti vil på grunn av straumretninga føre utsleppet lenger inn i fjorden. Nedreaas meiner at kombinasjonsdrift med blåskjel er eit interessant miljøprosjekt, men at det og kan føre til auka begroing på anlegget, og dermed redusere vassgjennomstrøyminga. Nedreaas er vidare oppteken at det vert følgd opp at ankerfeste vert plassert i samsvar med kart vedlagt søknaden, og at lokaliteten Øverås vert rydda innan 6 månader etter tilbaketrekking av lokaliteten.

Lindås kommune har i skriv av 18.09.2015 kome med uttale til søknaden. Lindås kommune vil vise til dispensasjonsvedtaket som vart gjort i høve auka arealbruk for anlegget og ber om at dei krava som vart sett fram frå kommunen der vert følgd opp av Hordaland fylkeskommunen i samband med etableringa av anlegget. Når det gjeld kombinasjonsdrift med blåskjel som det vert søkt om, er kommunen positiv til ei slik drift som omsøkt. Samdrift som kan redusere og akkumulere utslepp knytt til drift av akvakulturanlegg og utnytte avfall/utslepp frå anlegga anser kommunen som eit framtidsretta tiltak innanfor næringa. Kommunen vil likevel peike på at det er viktig å ha på plass ei sikring av at anlegget ved ei eventuell nedlegging vert rydda i høve dei retningslinene som gjeld innanfor akvakulturlova og hamne- og farvasslova.

Vidare vil kommunen peike på at det er sentralt at endelege plasseringar av ankerfester og fortøyingar vert rapportert inn til kommunen si geodataavdeling og ansvarlege i Kystverket når desse er klare. Det er sentralt for kommunen å ha denne informasjonen i sitt kartgrunnlag for bruk i framtidig planlegging. Det vil

også vere viktig at ved ei avviking av lokaliteten på Øvreås, at fylkeskommunen set krav om at alle fortøyingar og ankerfeste vert rydda. Utover dette har ikkje kommunen spesielle merknader til søknaden.

Søknaden er handsama av [Kystverket Vest](#) 22.05.2015. Med heimel i havne- og farvannslova § 27 fyrste ledd, jf. forskrift 3.12.2009 nr. 1449 om tiltak som krev løyve av Kystverket § 1 vert det gjeve løyve til etablering av anlegg for oppdrett av stamfisk, samt dyrking av blåskjel på lokalitet 13566 Storskrebukti i Lindås kommune i samsvar med vedlagte stempla kart med teikning og posisjonar over anlegget.

Anlegget er lokalisert på vestsida i Hindenesfjorden. Det er ikkje registrert farlei eller navigasjonsinstallasjonar i det aktuelle sjøområdet. Det er ikkje registrert skipstrafikk av noko større betydning. Sjøområdet nyttas av farty som skal til og frå oppdrettsanlegg i fjorden, samt mindre fritids- og fiskebåtar. Etter Kystverkets vurdering vil ikkje ei utviding av anlegget utgjere noko unødig hinder for vanleg og pårekneleg sjøtrafikk i fjorden.

Søknaden er handsama av [Fylkesmannen i Hordaland](#), miljøvern- og klimaavdelinga 12.06.2015. Fylkesmannen har handsama søknaden etter forureiningslova og vurdert han etter naturvern-, friluftsliv-, vilt-, lakse- og innlandsfiskeinteresser, og naturmangfaldlova.

Med heimel i forureiningslova frå 13.03.1981 nr. 6, § 11, 16 og 18 har Fylkesmannen i Hordaland gjeve løyve til utslepp til luft og vatn for produksjon av 1560 tonn MTB stamfisk av laks og aure på lokalitet Storskrebukti i Lindås kommune. Verksemda skal undersøkje miljøtilstanden på lokaliteten med MOM B-undersøkingar etter NS 9410. I tillegg set Fylkesmannen krav om at verksemda utfører resipient-undersøking med MOM C etter 4 år i drift. Verksemda kan bli pålagt å utføre meir omfattande overvaking eller delta i dei undersøkingane som Fylkesmannen finn nødvendig for å kartlegge forureiningseffekten anlegget har på resipienten.

Det er ingen registreringar i *Naturbase* eller *Artskart* som vil kunne kome i konflikt med stamfisk anlegget på lokaliteten Storskrebukti. Utvidinga av lokaliteten Storskrebukti skjer samstundes som lokaliteten Øvreås blir lagt ned. Begge desse lokalitetane ligg i same vassførekomst. Mogleg påverknad på villfisk av laks og sjøaure blir uendra då det ikkje skjer ei auke i biomassen i vassførekomsten. Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming

Søknaden er handsama av [Fiskeridirektoratet Region Vest](#) 25.06.2015. Fiskeridirektoratet Region Vest har vurdert søknaden i høve til konsekvensar for tradisjonell fiskeriverksemd, Ut frå kjennskapet til fiskeriinteressene, rår Fiskeridirektoratet Region Vest til at søknaden vert stetta.

Søknaden er handsama av [Mattilsynet, avdeling Bergen og omland](#) 10.08.2015. I medhald av § 5 i Forskrift av 17.06.2008 nr. 823 om etablering og utviding av akvakulturanlegg, zoobutikkar m.m., gjev Mattilsynet, avdeling Bergen og omland løyve til utviding av akvakulturlokalitet 13566 Storskrebukti til ein produksjon på 1560 tonn MTB for oppdrett av stamfisk av laks og aure. Løyvet er gjeve på følgjande vilkår:

- Det skal gjennomførast kontinuerleg oksygenmåling i den merd og på den djupna ein forventar har dårlegast levevilkår for fisken når det gjeld oksygentilgang.
- Lokalitet Storskrebukti skal ha felles brakklegging på minst 1 månad med dei andre akvakulturlokalitetane innanfor det aktuelle smittehygieniske fellesområdet som Storskrebukti er ein del av.
- Lokalitet 13565 Øvreås skal leggjast ned.

Hordaland fylkeskommune

Søknaden har vore utlagt til offentleg ettersyn og er handsama av Lindås kommune og relevante sektorstyresmakter. Hordaland fylkeskommune har ansvaret for å slutthandsame søknaden etter akvakulturlova og laksetildelingsforskrifta.

Generelle vilkår for klarering av lokalitet er gjeve i laksetildelingsforskrifta § 30:

Lokalitet for akvakultur kan klarerast dersom:

- a) det er miljømessig forsvarlig;
- b) det er foretatt en avveining av arealinteresser, med særlig vekt på
1. søkers behov for areal til planlagt akvakultur,
 2. alternativ bruk av området til annen akvakultur,
 3. annen bruk av området, og
 4. verneinteresser som ikke omfattes av bokstav d.
- c) det er gitt tillatelser som kreves etter
1. lov 19. desember 2003 nr. 124 om matproduksjon og mattrygghet mv.,
 2. lov 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forurensninger og om avfall,
 3. lov 17. april 2009 nr. 19 om havner og farvann.
- d) det ikke er i strid med
1. vedtatte arealplaner etter plan- og bygningsloven 14. juni 1985 nr. 77,
 2. vedtatte vernetiltak etter kapittel V i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfold,
 3. vedtatte vernetiltak etter lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner.

Vurdering i høve til bokstav a):

Med miljømessig forsvarleg meiner ein i denne samanheng både forureining og økologiske effektar.

Påverknad på omgjevnaden gjennom støy og utslipp til luft og vatn er også vurdert av Fylkesmannen i Hordaland som har gjeve utslippsløyve etter forureiningslova.

Miljøtilstanden under og i umiddelbar nærleik av anlegget er overvaka gjennom MOM B-undersøkingar (NS 9410). Resultat frå desse MOM-undersøkingane syner ein stabil utvikling og god miljøtilstand. Siste rapport frå 2014 konkluderte med tilstandsklasse 1, meget god, på lokaliteten. Tidlegare undersøkingar datert 2012 syner tilstand 1, 2010 syner tilstand 1 og 2008 syner tilstand 1. Trendanalyser som er gjennomført i driftsfasa tyder på at miljøtilstanden er god i området og at dagens drift er innanfor miljøet si toleevne.

Straummålinga frå Storskrebukti syner at det er svært svak botnstraum på lokaliteten. Slike lokalitetar har mindre evne til å omsetje organisk materiale som kjem frå merdanlegget. Normalt blir dette fanga opp av MOM B-granskingane om lokaliteten ligg på blautbotn. Lokaliteten Storskrebukti er ein hardbotnlokalitet, og MOM B metodikken fungerer ikkje så godt på slike lokalitetar. Alternative miljøgranskingar bør vurderast.

Mattilsynet har forvaltningsansvaret for lakselus, dette inkluderer også eventuell påverknad av lakselus på vill laksefisk. Mattilsynet har vurdert søknaden og gjeve løyve til etablering.

Rømming er oppfatta som ei uakseptabel hending uavhengig av lokalisering. Ei etablering av anlegg på lokaliteten må følgje gjeldane standardar og anna regelverk på dette området.

Lokaliteten ligg inne i ein fjord som er eit viktig område for sjøaure. Det er viktig at verksemda prioriterer effektive tiltak mot lakselus og rømming.

Lokaliteten kjem ikkje i konflikt med trua eller sårbare artar, viltområde eller naturtypar som har eit kjent behov for særskilt beskyttelse.

Ved handsaming av søknaden er sakshandsamingsreglane i naturmangfaldlova av 19. juni 2009 nr. 100 § 8 - 12 følgt i vurdering av om tiltaket det vert søkt om er miljømessig forsvarleg etter laksetildelingsforskrifta §30a. Søknaden har på vanleg måte etter reglane i akvakulturlova vore til handsaming hjå kommunen og sektorstyresmaktene, og det er ikkje kome opplysningar om at saka ikkje er tilstrekkeleg opplyst i høve til oppdrettsanlegget si påverknad på naturmangfaldet. Hordaland fylkeskommune vurderer derfor at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg til å fatte eit vedtak og at det omsøkte tiltaket ikkje har ein irreversibel påverknad på naturmangfaldet.

Tiltaket fell inn under vedlegg II i forskrift om konsekvensutgreiingar for tiltak etter sektorlover (FOR 2014-12-19-1758). Søknaden skal då handsamast etter § 3 i forskrifta. Såkalte vedlegg II-tiltak kan berre påleggast «supplerande utgreiingar» dersom det er venta at tiltaket vil få vesentlege verknader som ikkje allereie er gjort greie for i søknaden. Fylkeskommunen si vurdering er at miljødokumentasjonen i søknaden gir godt nok grunnlag for å vurdere om tiltaket får vesentleg verknad for miljø og samfunn, jf. vedlegg III i forskrifta. Det vart heller ikkje reist krav om supplerande utgreiingar frå fagmyndighetene for dei respektive kriteria i vedlegg III.

Vurdering i høve til bokstav b):

Søkar sitt behov for lokaliteten:

Sjøtroll Havbruk AS sitt behov for lokaliteten er tidlegare vurdert i samband med tidlegare lokalitetsklarering. Fyrste løyve på lokaliteten vart gjeve for meir enn 20 år sidan.

Alternativ bruk av området til annan akvakultur:

Området er allereie i bruk til oppdrett av stamfisk regnbogeare, og det er soleis ikkje relevant å vurdere alternativ bruk av området til annan akvakultur.

Annan bruk av området:

Sjøtroll Havbruk AS søker om utviding av anlegg i eit område som tidlegare er klarert for oppdrettsverksemd. Det er soleis gjort vurderingar tidlegare i høve til konflikt med annan bruk av området. Det er ikkje kome nye opplysningar i denne søknadsprosessen i høve til påverknad på annan bruk av området.

Kommunen sin uttale skal tilleggas stor vekt ved vurdering av søknaden. Den avsluttande søknadshandsaminga og interesseavveginga må imidlertid ivareta ei heilskapleg avveging mellom næringsinteressene og andre samfunnsinteresser. Lindås kommune har i sin uttale tilråd etableringa.

Fiskeridirektoratet region Vest skal gje ein uttale i høve til tradisjonelle fiskeriinteresser i slike saker. Fiskeridirektoratet har i sin uttale konkludert med at den omsøkte etableringa ikkje vil få vesentlege negative konsekvensar for det tradisjonelle fisket i området.

Vernetiltak:

Det er ikkje kome fram opplysningar om andre verneinteresser som ikkje omfattar av bokstav d i søknadsprosessen

Vurdering i høve til bokstav c):

Mattilsynet, Avdeling Bergen og omland har gjeve løyve til etablering etter sitt lovverk.

Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga har gjeve utsleppsløyve etter forureiningslova.

Kystverket Vest har gjeve løyve til etableringa etter hamne- og farvannslova.

Søknaden gjeld ein lokalitet i sjø og er difor ikkje handsama etter vassressurslova.

Vurdering i høve til bokstav d):

Staden der eksisterande anlegg ligg er sett av til akvakultur i gjeldande kommuneplan, men den nye konfigurasjonen fører til at delar av dei to merdane som ligg lengst mot nordvest kjem utanfor grensene for det området som er sett av til føremålet. Det er difor naudsynt med dispensasjon. Lindås kommune har den 16.02.2015 gjort følgjande vedtak:

«I medhald av plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå kommuneplanens arealdel i sjø, §6.2, for å utvide eksisterande akvakulturanlegg som vist i søknad datert 26.05.2014. Dispensasjonen vert gjeve på følgjande vilkår:

- Ved etablering av anlegget skal nøyaktige posisjonar på anlegget og fortøyingar av dette meldast inn til Kystverket og kommunen for registrering i kart.
- Ankerfeste/fortøyingar må plasserast slik at ein ikkje kjem i konflikt med låssettingsplass ved Askelandsøy på andre sida av fjorden.
- Ved opphør av anlegget skal eventuelle fortøyingar ryddast opp og fjernast frå området.
- Dispensasjon gjeld for ein biomasse på inntil 1560 tonn. Dersom biomassen vert utvida, må grunnlaget for dispensasjon vurderast på nytt av Lindås kommune.»

Vurdering av merknadene frå Kjell Nedreaas

Miljøtilstanden under og i umiddelbar nærleik av anlegget vert overvaka gjennom MOM B-undersøkingar. I tillegg er et sett krav om at verksemda utfører resipientgransking med MOM C etter 4 år i drift. Denne overvaking vil gje grunnlag for iverksetting av tiltak dersom miljøtilstanden i fjorden endrar seg uønskt.

Auka begroing med redusert vassgjennomstrøyming som følgje av kombinasjonsdrift med blåskjel er ei aktuell problemstilling som verksemda må vera merksam på.

Det fram går av denne klareringa at lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Fiskeridirektoratet Region Vest har tilsynet med dette regelverket.

Innan 6 månader etter permanent opphør av drift på lokalitet 13565 Øverås skal Sjøtroll Havbruk AS sørge for fullstendig opprydding. Oppryddingsplikta gjeld fjerning av installasjonar over og under vatn. Fiskeridirektoratet Region Vest har tilsynet med dette regelverket.

Tilbaketrekking av lokalitet Øverås

Sjøtroll Havbruk AS har i denne søknaden sagt frå seg lokalitet 13565 Øverås for å få løyva til å auke produksjonskapasiteten på lokalitet Storskrebukti. Mattilsynet har satt som vilkår for godkjenning av auka MTB på omsøkt lokalitet at lokalitet 13565 Øverås vert lagt ned. Med denne bakgrunnen vert tilbaketrekking av lokalitet 13565 Øverås er ein føresetnad for tildeling av dette løyvet. Lokalitet 13565 Øverås vert sletta i akvakulturregisteret frå dags dato.

Konklusjon

Etter ei samla vurdering har Hordaland fylkeskommune gjeve Sjøtroll Havbruk AS, org. nr. 929363833, akvakulturløyva med reg. nr. H-L-22 og H-OR-17, løyve til å etablere flytande akvakulturanlegg for oppdrett av stamfisk av regnbogeaure (*Oncorhynchus mykiss*) i sjø med ein maksimal tillaten lokalitetsbiomasse på 1560 tonn på lokalitet 13566 Storskrebukti i Lindås kommune på nærmare vilkår.

Generelle vilkår

Løyve vert gjeve under føresetnad av at etablering, drift og eventuelt avvikling vert gjennomført i samsvar med gjeldande lovverk, forskrifter og vilkår.

Lokalitet skal etablerast i samsvar med vedlagte kart. Dersom De ønskjer å endra anlegget i høve til dette løyvet, må det sendast søknad om dette til Hordaland fylkeskommune.

Løyve etter Akvakulturlova inneberer at det er gjeve eit offentleg rettsleg løyve inkludert løyve etter matlov, forureiningslova og hamne- og farvannslova.

Løyvet vert gjeve utan ansvar med omsyn til nabo-, eigedoms- eller andre privatrettslege tilhøve. Dette løyvet frittek Dykk ikkje frå plikt til å innhenta naudsynt løyve etter andre lover, eller plikt til å retta Dykk etter reglar og påbod som vert gjeve med heimel i slike lover.

Løyve kan trekkjast attende eller anlegget kan verte kravd redusert dersom tilhøva skulle tilseie dette.

Pliktar

Som konsesjonsinnehavar har De plikt til å sette Dykk inn i det regelverket som gjeld for løyver etter akvakulturlova. Akvakulturlova med tilhøyrande forskrifter er tilgjengeleg på www.lovdatab.no.

De pliktar å gje representantar frå Fiskeridirektoratet, Fylkesmannen, Kystverket og Mattilsyn tilgang til gransking av og opplysningar om anlegget.

Kopi av dette løyvet med vedlegg skal oppbevarast tilgjengeleg for alle tilsette på anlegget, og også slik at løyvet kan synast til alle som har kontrollrett.

Vedlegg

Uttale frå Fylkesmannen i Hordaland 12.06.2015, Mattilsynet, Avdeling Bergen og omland 10.08.2015 og Kystverket Vest 22.05.2015, samt kart med godkjent plassering av anlegget og klageskjema fylgjer vedlagt.

Klage

Vedtaket kan påklagast. Sjå om dette i vedlagde orientering. Ei eventuell klage skal framsettast til Hordaland fylkeskommune, sjølv om klaga gjeld vedtak fatta av Fylkesmannen, Mattilsynet eller Kystverket.

I medhald av forvaltningslova sin §27b vert det sett som vilkår for å gå til søksmål at ein har nytta høvet til å klaga. Ein gjer merksam på at eventuell klage ikkje fører til at iverksetjing av vedtaket vert utsett. Det er likevel høve til å søkje om at iverksetjing blir utsett til klagesaka er avgjort.

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Gudrun Mathisen
seksjonssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi:

Fiskeridirektoratet Region Vest
Fylkesmannen i Hordaland, miljøvern- og klimaavdelinga
Mattilsynet, Region Sør og Vest, avdeling Bergen og omland
Kystverket Vest
Lindås kommune
Kjell Nedreaas, Askelandsvågen 58, 5993 Ostereidet
Ocean Forest AS

H-L-22 og H-OR-17 Sjøtroll Havbruk AS
 H-L-319 Ocean Forest AS
 Lokalitet 13566 Storskrebukti




Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5
 PB 7900
 5020 Bergen

Tlf: 55 23 90 00
 e-post: hfk@hfk.no
 www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
 Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]

13566 Storskrebukti - Klarerte ytterpunkt




Målestokk: 1:5 000

Hordaland fylkeskommune

Agnes Mowinckels gate 5
PB 7900
5020 Bergen


Tlf: 55 23 90 00
e-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

Foretaksnr. NO 938 626 367 mva.
Kontonr. [xxxx xx xxxxxx]




Storskrebukkti posisjonar

Vedlegg 6.1.3 d)



| Nr. | Posisjon | Posisjon |
|-----|------------|-----------|
| 1 | N60°39.349 | E5°25.370 |
| 2 | N60°39.337 | E5°25.389 |
| 3 | N60°39.327 | E5°25.409 |
| 4 | N60°39.317 | E5°25.424 |
| 5 | N60°39.306 | E5°25.439 |
| 6 | N60°39.295 | E5°25.463 |
| 7 | N60°39.143 | E5°25.294 |
| 8 | N60°39.147 | E5°25.261 |
| 9 | N60°39.142 | E5°25.232 |
| 10 | N60°39.165 | E5°25.086 |
| 11 | N60°39.177 | E5°25.071 |
| 12 | N60°39.187 | E5°25.050 |
| 13 | N60°39.197 | E5°25.031 |
| 14 | N60°39.211 | E5°25.017 |
| 15 | N60°39.219 | E5°24.996 |
| 16 | N60°39.385 | E5°24.893 |
| 17 | N60°39.394 | E5°24.919 |
| 18 | N60°39.400 | E5°24.945 |
| F1 | N60°39.378 | E5°25.303 |
| F2 | N60°39.276 | E5°25.492 |
| F3 | N60°39.144 | E5°25.283 |
| F4 | N60°39.145 | E5°25.242 |
| F5 | N60°39.148 | E5°25.129 |
| F6 | N60°39.194 | E5°25.038 |



| | |
|--|---|
| (1) Sendar (stemplet til forvaltningsorganet) Hordaland fylkeskommune Agnes Mowinckels gate 5 PB 7900 5020 BERGEN | Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningslova § 27 tredje leddet) |
| (3) Mottakar (namn og adresse) Sjøtroll Havbruk AS 5397 Bekkjarkvik | 21.09.2015 (4) Klageinstans Fiskeridirektoratet, Kyst- og havbruksavdelinga Postboks 185 Sentrum, 5804 Bergen |
| Denne meldinga gjev viktige opplysningar dersom De vil klage på eit vedtak De er gjord kjend med. | |
| Klagerett | De har rett til å klage på vedtaket. |
| Kven kan De klage til? | Klaga sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Dersom vi ikkje endrar vedtaket vårt som følgje av klaga, sender vi klaga over til klageinstansen, jf. rubrikk (4). |
| Klagefrist | Klagefristen er tre - 3 - veker frå den dagen dette brevet kom fram. Det er nok at klaga er postlagd før fristen går ut. Dersom De klagar så seint at det kan vere uklart for oss om De har klaga i rett tid, bør De oppgje datoen for når De fekk dette brevet. Dersom De klagar for seint, kan vi sjå bort frå klaga. De kan søkje om å få lengre klagefrist, og da må De nemne grunnen til at De ønskjer det. |
| Rett til å krevjegrunggeving | Dersom De meiner at vi ikkje har grunngjeve vedtaket, kan De krevje ei slik grunngjeving før fristen går ut. Ny klagefrist blir då rekna frå den dagen De får grunngjevinga. |
| Innhaldet i klaga | De må presisere <ul style="list-style-type: none"> - kva for eit vedtak De klagar på - årsaka til at De klagar - den eller dei endringar De ønskjer - eventuelt andre opplysningar som kan ha noko å seie for vurderinga av klaga Klaga må underskrivast. |
| Utsetjing av gjennomføringa av vedtaket | Jamvel om De har klagerett, kan vedtaket til vanleg setjas i verk med det same. Men de kan søkje om å få utsett gjennomføringa av vedtaket til klagefristen er ute eller til klaga er avgjort. |
| Rett til å sjå saksdokumenta og til å krevje rettleiing | Med visse unntak har De rett til å sjå dokumenta i saka. Reglane om dette finst i § 18 og § 19 i forvaltningslova. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil då få nærmare rettleiing om retten til å klage, om framgangsmåten og om reglane for saksgangen. |
| Kostnadene med klagesaka | De kan søkje om å få dekt utgifter til den advokathjelpa De treng, etter reglane om fritt rettsråd. Her gjeld det visse grenser for inntekt og eige. Fylkesmannen eller advokaten Dykkar kan gje nærmare opplysningar om dette. Dersom vedtaket er endra til Dykkar fordel, kan De etter forvaltningslova ha krav på å få dekt store kostnader som har vore naudsynte for å få endra vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dykk om retten til å krevje slik dekning. |
| Klage til Sivilombodsmannen | Dersom De meiner at De har vore utsett for urett frå den offentlege forvaltninga, kan De klage til Stortingsombodet for forvaltninga (Sivilombodsmannen). Sivilombodsmannen kan ikkje sjølv endre vedtaket, men kan gje si vurdering av korleis den offentlege forvaltninga har handsama saka, og om dei har gjort feil eller forsømt noko. Dette gjeld likevel ikkje i saker som er avgjorde av Kongen i statsråd. Dersom De no får klaga Dykkar avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De såleis ikkje seinare føre saka inn for Sivilombodsmannen. |
| Særlege opplysningar | |

X-0073 N (Godkj. 05-95) Elektronisk utgåve